

Tilstandsrapport barneverntenesta 2025

RETT TIL EIN TRYGG OPPVEKST



Mathias Torpe Johansen 2025

Heilskapleg blikk, felles ansvar

03.09.2025



1. Status/oppsummering		s.1
2. Om barnevern		s.1
3. Presentasjon av verksemda		s.2
3.1 Generalistmodell		s.3
3.2 Funksjonar og ressursar		s.3
3.2.1 Familiereettleiarressursar		s.4
3.2.2 Barnevernvakt		s.4
3.3 Fråvær, kapasitet og bruk av vikar		s.4
4. Temaområder		s.5
4.1 Bakgrunnsinformasjon/demografi		s.5
4.2 Dekningsgrad og kapasitet		s.7
4.3 Geografisk avstand til spesialiserte tenester		s.9
4.4 Meldingar		s.9
4.5 Undersøkingar		s.10
4.6 Hjelpetiltak		s.12
4.7 Fosterheimar og institusjon		s.14
4.8 Hasteflytting/ akuttvedtak		s.14
4.9 Ettervern		s.15
4.10 Kvalitet		s.15
4.11 Bemanning og kompetanse		s.16
4.12 Økonomi		s.16
4.13 Leiing og styring		s.17
5. Samarbeid og førebygging med andre tenester		s.18
6. Deltaking i prosjekt og utvikling		s.19
7. Utfordringsbilete, innsatsområde og tiltak		s.19
7.1 Nytt fagsystem		s.19
7.2 Bistandskrise i Bufetat		s.19
7.3 Auke i 2024 på akuttsaker		s.20
7.4 Landsomfattande tilsyn med undersøkingsarbeid		s.20
7.5 Forvaltningsrevisjon		s.20
8. Framtidsutsikter		s.20



1. Status/oppsummering

Barneverntenesta arbeidar etter Lov om barnevern ([Lov om barnevern \(barnevernsloven\) - Lovdata](#)). Tenesta har fokus på å overhalda lovkrav, og det skjer sjeldan avvik.

Viktige satsingar for barneverntenesta i 2025

- Halde fokus på kjerneoppgåvene til barneverntenesta, og prioritering av dei familiane som treng hjelpetiltak frå barneverntenesta mest.
- Overhalda lovpålagte fristar og oppgåver.
- Arbeide med forbetringsplan etter nasjonalt tilsyn.
- HMT arbeid for å ta vare på dei tilsette.
- Opplæring og støtte til dei tilsette.
- Innlemme familierettileiarane i barneverntenesta.
- Utvikle rutinar for Nasjonalt forløp lokalt i kommunen.
- Skape rom til å utvikle tenesta.

Utfordringar

- Geografisk avstand til spesialiserte tenester.
- Balanse mellom å arbeida førebyggjande og med dei mest utsette familiane.
- Kapasitet til å utvikle hjelpetiltak basert på lokale forhold, og tilpassa kompleksiteten kring familiane sin situasjon.
- Sikre stabile medarbeidarar med høg kompetanse i tenesta.
- Kapasitet til å prioritere rutinearbeid og samarbeid på systemnivå.

2. Om barnevern

Barneverntenesta er ei lovpålagt teneste som arbeidar etter Lov om barnevern. Den 01.01.2023 trådde ny barnevernlov i kraft.

Lovdata skildrar Lov om barnevern slik:

Barnevernsloven er en norsk lov som regulerer det norske barnevernets organisering, formål og maktutøvelse. Barnevernet skal først og fremst være en hjelpetjeneste selv om loven åpner for svært inngripende tvangstiltak i familiesfæren. Loven slår fast at tiltak for å sikre barns omsorg, beskyttelse og trygge oppvekst ikke skal være mer inngripende enn nødvendig. Den vektlegger samtidig at å sikre barnets beste er lovens overordnede formål, og dette hensynet skal veie tungt i barnevernets vedtak. Blant annet har loven regler om barnets medvirkning og rett til å bli hørt, i tillegg til at det kan gjøres unntak fra foreldres rett til innsyn i dokumenter.

Barnet sitt beste er lova sitt mest sentrale omsyn. Terskelen for tvangsinngrep er den same som tidlegare lov. Lovendringane skal blant anna sikre betre ivaretaking av barn som har foreldre som ikkje bur saman, barn sin medverknad i barnevernsaka er styrka og menneskerettane har fått auka fokus. Det er også stilt krav til kompetanse, rettleiing til tilsette, krav om å ta imot studentar, og journalplikt.

Det er også tydeleggjort i den nye lova at det er kommunen, ikkje barneverntenesta som har ansvar for å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Det er stilt krav om at kommunestyret sjølv skal vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet. Det er kommunestyret som skal avgjere kva rolle barneverntenesta skal ha i det førebyggjande arbeidet, utover dei oppgåvene barnevernslova legg til



tenesta. Presiseringa om at det er barneverntenesta sin leiar som har ansvar for dei oppgåver som i lova er lagt til kommunen, er teke ut. Presiseringa er ein naturleg konsekvens av det ansvaret kommuneleiinga har for at kommunen oppfyller det ansvaret lova legg til kommunane, og for at barneverntenesta har den bemanninga og resursane som er naudsynte for å ivareta det ansvaret.

Lovkrava skal samla sett bidra til at kommunen styrker det heilskaplege førebyggjande arbeidet, samstundes som barneverntenesta sin innsats er retta mot dei barna og familiane som trenger det mest.

Kvam herad har plan for førebyggjande arbeid. [Plan for førebyggjande arbeid i Kvam 2023- 2027](#)

3. Presentasjon av verksemda

§ 15-3. Barnevernstjenestens organisering og oppgaver

I hver kommune skal det være en barnevernstjeneste som utfører oppgaver etter denne loven. Barnevernstjenesten skal ha en leder.


Barnevernstjenesten har ansvar for å gi hjelp, omsorg og beskyttelse når det er nødvendig på grunn av barnets omsorgssituasjon eller atferd. Ansvaret omfatter tiltak rettet mot barnets omsorgssituasjon eller atferd.

Barnevernstjenesten skal blant annet

- a. gjennomgå og vurdere bekymringsmeldinger*
- b. gjennomføre undersøkelser av barnets omsorgssituasjon*
- c. treffe vedtak om hjelpetiltak*
- d. forberede saker for behandling i barneverns- og helsenemnda*
- e. iverksette og følge opp tiltak.*

5. *Barnevernstjenesten skal være tilgjengelig til enhver tid.*
6. *Kommunestyret selv skal minst én gang i året få en redegjørelse om tilstanden i barnevernstjenesten.*


For å løysa oppgåvene etter Lov om barnevern, er barneverntenesta i Kvam herad organisert slik:



Barneverntenesta i Kvam har inntil nyleg hatt 9,1 stillingsheimlar, fordelt på 11 personar. Sidan omorganisering med Familiesenteret den 01.05.2025 består tenesta no av barnevernleiar, assisterande barnevernleiar, merkantil, miljøarbeidar, 7 barnevernkonsulentar og 2 familierettleiarar. Barneverntenesta består pr. 01.05.2025 av 11,1 stillingsheimlar. Alle arbeidar i 100% stilling, utanom ein barnevernkonsulent stilling på 50% som arbeider spesialisert opp mot fosterheimsoppfølging. Den merkantile ressursen er delt på denne måten, 60% barnevern og 40% PPT.

Miljøarbeidaren og familierettleiarane i tenesta arbeider direkte knytt til tiltak. Desse viktige funksjonane har fokus på heimebaserte hjelpetiltak til både familiar og ungdom. I praksis betyr det at mange av arbeidsoppgåvene er ute i heimane til brukarane, og er ein stor del av tiltakspakka som kommunen tilbyr brukarar etter Lov om barnevern. Etter omorganiseringa i mai, har barneverntenesta auka sin kapasitet i høve familierettleiing, og har pr.t 2 familierettleiarar i avdelinga. Før 01.05.25 rapporterte barneverntenesta på 1,6 stilling frå Familiesenteret. I tillegg har tenesta studentar jamleg innom i løpet av året. Det er lovpålagt av kommunane å ta imot studentar etter ny lov.

Tenesta kan også visast på denne måten:



3.1 Generalistmodell

I barneverntenesta i Kvam herad, arbeider ein etter generalistmodell. Det betyr at alle barnevernkonsulentane arbeider i alle deler og nivå i ei barnevernsak som består av undersøking, hjelpetiltak, oppfølging av barn i fosterheimar eller institusjon og ettervern. Dei tilsette har og ulike ekstra ansvarsområde som til dømes å delta i prosjekt og ulike samarbeidsforum/grupper.

Det er krevjande å beherska alle sider ved ei barnevernsak like godt. Dette stiller høge krav til dei tilsette om å holde seg fagleg oppdatert på eit stort fagfelt. Samstundes er det vanskeleg for ei relativ lita teneste å spesialisere seg i til dømes undersøking-, hjelpetiltak og omsorgsteam. Sjukdom og frávær ville potensielt belaste eit team i stor grad. Fordelen med å arbeida generalisert er at familiene slepp hyppige saksbehandlar skifte, og mange barn har ein kontaktperson gjennom fleire år. Tenesta er samstundes i behov for å utvikle betre tenester, og har over fleire år ønska å arbeida med tiltaksutvikling. Grunna låg kapasitet til oppgåver utover kjerneoppgåvene til barneverntenesta, har dette måtta bli nedprioritert. Etter omorganiseringa er tenesta optimistisk med tanke på dette arbeidet.

3.2 Funksjonar og ressursar

I 2024-2025 har ein valt å ta deler av ein barnevernkonsulent stilling til å også omfatte arbeid med fag- og tiltaksutvikling. Dette då ein ser at det er behov for nye og endra tiltak i kommunen, og at



Bufetat avviklar nokon av sine tenester som tidlegare er gitt til kommunane med intensjon om at kommunane skal løyse det sjølve. Tidlegare er også funksjonen assisterande barnevernleiar henta frå ressursen barnevernkonsulent. Tenesta ser at det er føremålstenleg å oppretta nye funksjonar, for å auke fokus på deloppgåver som tiltaksutvikling, fagleg utvikling, internkontroll, HMT, implementering, prosjektarbeid, imøtekoma nye lovkrav/endingar med meir. Samstundes ser ein at å ta av saksbehandlar stillingar kan føre til større slitasje på dei tilsette, ved fråvær.

3.2.1 Familierettleiarressursar

Familiesenteret har frå 2016 organisert 3 stillingar som familierettleiarar. Frå 2009 låg desse stillingane innunder barnevern, og vart drive som barnevernstiltak. Frå 2016 har om lag 1,6 stilling blitt nytta til hjelpetiltak for barneverntenesta og 1,4 stilling har blitt brukt på lågterskel arbeid. Barneverntenesta erfarte at det gjekk mykje ressursar med på det førebyggjande arbeidet, og at ressursane difor ikkje strakk til i dei familieane som har komplekse utfordringar, og der det er fare for omsorgsovertaking. Tidlegare innmeldte behov i budsjettprosess har ikkje tilført nye ressursar, og oppvekstsjef starta mai 2024 ein evalueringsprosess av familierettleiarressursane. Etter avgjersle frå Rådmannen den 10.01.2025 vart det beslutta å overføre stillingane tilbake til barneverntenesta frå 01.05.2025, og nytte 0,5 stilling på lågterskel nivå. Innsparingstiltak på førebygging er gjennomført med å redusere frå 3 til 2 familierettleiar stillingar.

3.2.2 Barnevernsvakta

Barneverntenesta har som lovkrav å ha akuttberedskap utanom ordinær arbeidstid. Kvam herad har som fleire andre kommunar rundt Bergen by, avtale med Barnevernsvakta i Bergen. I juli 2023 fekk Bergen kommune pålegg frå Statsforvalter om å endre praksis når det gjaldt kontakt inn mot akuttberedskapen. Før dette var praksisen at kontakt med barnevernsvakta gjekk gjennom politi i tidsrommet mellom kl. 02.00 til kl. 08.00. Pålegget vart raskt fylgt opp og all kontakt skjer no direkte til barnevernsvakta 24 timar i døgnet.

Frå tidlegare år ser ein at det er lite/ingen uttrykkingar til Kvam herad, men det har vore nokre drøftingar pr. telefon der det blir gjeve råd til innbyggjarar og offentlege instansar. Tala frå 2024 viser at Barnevernsvakta var i kontakt med 12 saker frå Kvam, som omhandla 10 ulike barn der fleire av barna hadde sysken. Kontakten fordeler seg slik:

Politi	Sjukehus	Forelder	Familienettverk	Anonym
4	2	2	1	3

Av desse 12 rapportane frå kontakt, vart 6 sendt som *bekymringsmelding til barneverntenesta*, og 6 sendt som *informasjon til barneverntenesta*. Det har ikkje vore fatta vedtak om plassering gjennom barnevernsvakta i løpet av 2024, og vakta har heller ikkje hatt uttrykking til Kvam herad.

3.3 Fråvær, kapasitet og bruk av vikar

Det har ikkje vore praksis å ta inn konsulentar/vikar ved fråvær i tenesta. Dette har handla om uviss kvalitet på konsulentar ein tek inn, kapasitet som går med på opplæring av konsulentar og tid til overlapping når konsulent går ut att. Konsulenttenester er kostbare, og ein vil ikkje få dekkja inn fråvær 100%. Tenesta har og erfaring med at ein i realiteten sit att med lik mengde arbeid. Dette gjer at ein forsøker å unngå å ta inn konsulentar på korte oppdrag, og forsøker å løyse fråvær intern.



Kommunen har heller ikkje vikarar tilgjengelege som har den naudsynte barnevernsfaglege kompetansen til å raskt tre inn ved fråvær.

Dette aukar belastninga på dei tilsette som er på arbeid, men kontoret opplever ein større kontroll og føreseieleg prosess. Oppsummert ser ein at tenesta er sårbar når det kjem til utilsikta fråvær, då det ikkje finnes kapasitet til det som ikkje er planlagt. Dette får også som konsekvens at i periodar er det svært høgt arbeidspress og tempo i avdelinga, som krev at alle dei tilsette tek i eit ekstra tak. Dette opplevde ein blant anna i 2024 då det var eit brått leiarskifte, fleire akutt plasseringar, 3 barnevernkonulent stillingar i permisjon og to parallelle tilsyn av tenesta. Manglande kapasitet i tenesta har og over år ført til at mange arbeidsoppgåver har måtta bli nedprioritert. I starten av 2025 opplevde ein å få betre kapasitet og oversikt etter eit travelt år, men mykje av kapasiteten gjekk med i prosessen med omorganisering av familierettleiar ressursar inn i tenesta.

Oppleving av kapasitet i barneverntenesta er ikkje lett å sjå utifrå tal og statistikk. Tal på barn og familiar i kontakt med barneverntenesta, kan ikkje brukast som målingar på opplevd kapasitet. Dette handlar om at ei enkel sak kan vera kompleks og svært alvorleg, og då krevje store ressursar av tenesta. Derfor vil også arbeids- tempo og belastning variere svært frå dag til dag, og frå sak til sak.

4. Temaområder

Under temaområder vil ein finne statistikk for tenesta henta frå kommunebarometer. Variablane kan gje ein status i kommunen, og bakgrunnsforhold påverkar behov for barneverntenester.

4.1 Bakgrunnsinformasjon/demografi

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Norge	Grafisk visning
Barn i befolkningen (2025)	21 %	19,8 %	
Andel i befolkningen med utdanning utover grunnskole (2023)	79 %	76,2 %	
Enslige forsørgere med barn under 18 år (2024)	14,8 %	17,2 %	
Barn som bor i lavinntektsfamilier (2023)	..	..	
Utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste pr. innbygger 0-17 år (2024)	6 576 kr	5 096 kr	
Barn med bekymringsmelding i forhold til barnebefolkningen (2024)	3,5 %	4,1 %	

Henta frå Bufdir sin kommunebarometer



Kvam herad ligg litt høgare enn landet i høve barn i befolkninga, utdanning over grunnskule, utgifter kommunen brukar på førebyggjande arbeid, helsestasjon og skulehelsetenester. Me ligg under snittet på einslege forsørgjer og barn med bekymringsmelding. Barn som bur i låginntektsfamilie er prikk, men i 2022 vart talet 10,1% mot 11,5% i Noreg.

I folkehelseoversikta for Kvam 2024 ([Folkehelseoversikt og kunnskapsgrunnlag Kvam 2024](#)) viser ein til utvikling ein er uroa over i Kvam herad.

- Elevar i grunnskulen med urovekkjande skulefråvær.
- Ein høgare del ungdomsskulelevar i Kvam enn i fylket og landet har vore rusa på alkohol det siste året.
- Det er ein auke i personar mellom 0 og 14 år og 15 til 24 år som får stilt sjukdomsdiagnosar psykisk lidning.
- Mange ungdommar har søvnevanskar.
- Det er ein svak auke i talet på unge mellom 15 og 24 år med symptomdiagnosar innan muskel- og skjelettsystemet.
- Høg del varig uføre i aldersgruppa 18 til 44 år, samanlikna med fylket og landet.

Talmateriale til barneverntenesta er relativt lite og stabilt. Utfordringane me ser gjennom vår teneste har dei siste åra vore knytt opp til konflikt mellom foreldre som ikkje lenger bur saman, vald, psykisk helse og rusproblematikk blant foreldre. I høve barna kan ein sjå strev knytt til rusbruk, skulefråvær og psykiske plagar. Det er kome nokon fleire saker knytt til rusbruk hos ungdom, og me kan sjå tendensar til mogleg auka bruk av rusmidlar. Barn av minoritetar som har behov for tenester etter Lov om barnevern er aukande.

Oversikta viser og positive utviklingstrekk for barn og unge i Kvam.


- Auka deltaking i organisert fysisk aktivitet blant ungdom.
- Høg gjennomføringsgrad av vidaregåande skule.
- Reduksjon i tal barn som lever i hushald med låginntekt.
- Det er tette band mellom ungdomar og føresette. Foreldra er viktige som rollemodeller og trygge vaksne.

Barneverntenesta er særskilt oppteken av at barn og unge har det godt heime hos familiane sine, og det er gledeleg å sjå at så mange *Kvammaborn* opplever å ha tette bånd til sine foreldre og at dei trives i foreldra sitt selskap. Dette er positivt for vår intensjon om at flest mogleg barn skal motta sin omsorg frå sine egne biologiske foreldre.



4.2 Dekningsgrad og kapasitet


Barneverntenesta i Kvam ligg på gjennomsnittet når det kjem til tal saker pr. barnevernkonsulent.

<u>Barn med undersøkelser eller tiltak per årsverk (2023)</u>	11 barn	11 barn		
<u>Barn med undersøkelser eller tiltak per årsverk (2024)</u>		10,9 barn	11,2 barn	

Henta frå Bufdir sin kommunebarometer

Historisk sett har det vore ein nedgang på tal saker pr. tilsett. Dette har vore ei ønska satsing, gjennom blant anna bemanningsnormen frå FO, der det er anbefalt mellom 9- 15 saker.


[Bemanningsnorm barnevernet hefte 2.pdf](#)



Henta frå Bufdir sin kommunebarometer

Til tross for at det har vore markant nedgang i tal på saker pr. tilsett, har krava i regelverket auka. Dokumentasjon, auka krav til medverknad og kompleksiteten i barnevernsakene har auka. Konsekvensen er at arbeidsmengda ikkje blir redusert i samsvar med tal på familiar og barn ein arbeider med. Dette ser ein er ein nasjonal trend. Samstundes overfører statleg barnevern fleire oppgåver ut til kommunane.



Indikator	Verdi for sted	Verdi for Fylke	Grafisk visning
Barn med barnevernstiltak i forhold til innbyggere i aldersgruppen 0-17 år (2024)	4 %	2,9 %	
Barn med undersøkelse i forhold til antall innbyggere i aldersgruppen 0-17 år (2024)	3,2 %	3,4 %	
Barn med hjelpetiltak i hjemmet av alle barn med tiltak 0-17 år (2024)	69,4 %	65,8 %	
Barn som bor utenfor hjemmet i løpet av året i forhold til antall innbyggere i aldersgruppen 0-17 år (2024)	1,2 %	0,9 %	
Barn med undersøkelser eller tiltak per årsverk (2024)	10,9 barn	11,2 barn	
Fosterhjemstiltak i familie og nære nettverk (2023)	68 %	45,5 %	

Henta frå Bufdir sin kommunebarometer

Statistikken viser på dei andre indikatorane for dekningsgrad og kapasitet at Kvam herad ligg om lag på snittet, men me skiller oss betydeleg ut på indikatoren «*fosterhjemstiltak i familie og nære nettverk.*» Dette har vore eit fokusområde over tid, der barneverntenesta ønskjer å plassere i eigen kommune, og at plasseringane skjer i familiar som er i slekt eller har kjennskap til barnet. Dette er ein indikator me er stolte over, og me ønskjer å helda fram med fokus på å nytte ressursar i barna sine familiar og nettverk. Dette gjev utslag økonomisk, men viktigast av alt fører det til at dei barna som er i behov for plasseringstiltak ikkje treng å flytte frå nærmiljøet sitt.

I mange av plasseringane i Kvam herad har me lukkast med at barna har kunna halde fram på same skule, fritidsaktivitetar, behaldt vennskap, behaldt kontakt med slektningar for øvrig og viktigast av alt har me kunne flytta dei til trygge vaksne som er kjent for dei frå før.

§ 9-4.Fosterhjem i barnets familie og nære nettverk

Barnevernstjenesten skal vurdere om noen i barnets familie eller nære nettverk kan velges som fosterhjem. Når barnevernstjenesten vurderer dette, skal den bruke verktøy og metoder for nettverksinvolvering, dersom det er hensiktsmessig



4.3 Geografisk avstand til spesialiserte tenester

Kvam herad ligg sentralt geografisk plassert, med om lag ein time avstand til Odda, Voss og Bergen. Like fullt blir dette rekna som lang reiseveg når ein skal oppsøkje spesialiserte tenester som psykisk helsevern for barn og unge (BUP), familievernkontor, oppfølgingstenesta (OT) og pedagogisk psykologisk teneste (PPT) for vidaregåande skuleelevar. Me har sett over år at dette fører til press på lokale tenester om å levera tilbod som legg tett opptil eller overlappar med, delvis erstattar slike tilbod. Slike ekstra oppgåver kan ha teke kapasitet frå Familiesenteret, frå å arbeida med tiltaksoppgåver i barneverntenesta. Familiesenteret har hatt fleire saker på lågterskel nivå, der ein arbeider med foreldre som har barn der BUP har satt diagnoser og høgkonfliktsaker som ofte ligg tett opp til Lov etter barn og foreldre som Familievernkontoret har ansvar for.

4.4 Meldingar

Innkomne bekymringsmeldingar i Kvam har helde seg ganske stabilt gjennom dei siste 3 åra. Tenesta mottek omtrentleg 120 til 140 meldingar i året. I 2023 såg me ein svak nedgang i tal innkomne meldingar, men i 2024 gjekk den opp att. Mange av meldingane kjem i saker der barneverntenesta allereie er inne i familiar å arbeider, og der det er kjente utfordringar i omsorga for barna. Ei bekymringsfull hending knytt til barn, kan og resultere i melding på same forhold frå fleire ulike meldarar. Saksbehandling knytt til mottak er lik uavhengig om familien er kjent eller ukjent for barneverntenesta. Kvar innkomne melding skal vurderast, konkluderast og følgje same frist og krav til dokumentasjon. Bekymringsmeldingar skal vera ferdig vurdert og konkludert innan 7 dagar, om ikkje får kommunen fristbrot. Konklusjonen skal seia noko om barneverntenesta henlegg meldinga, eller om forholda blir vurdert til at ein må starte undersøking.

Barneverntenesta går dagleg gjennom innkomne meldingar, for å gjera ei vurdering om det er behov for umiddelbare tiltak. I tillegg har mottak, som pt består av barnevernleiar og assisterande barnevernleiar to treffpunkt i veka der ein gjennomgår alt av innkomne meldingar. I desse treffpunkta blir alle meldingar vurdert, konkludert og arbeidet blir skriftleggjort og journalført.

I 2024 mottok barneverntenesta 131 bekymringsmeldingar, i 2023 mottok ein 123 meldingar. Kommunen hadde ingen fristbrot på mottak av melding.

Meldingar som kjem frå det offentlege i Kvam herad inneheld ofte tema som:

- Foreldre sine psykiske problem
- Høg grad av konflikt i heimen
- Vald i heimen eller barnet er vitne til vald i nære relasjonar
- Barnet utsatt for fysisk vald
- Foreldre sin manglande ivaretaking av grunnleggjande behov og kvardagsleg omsorg for barnet
- Barnet sine kriminelle handlingar

Meldingar som blir mottekne frå private meldarar i Kvam herad inneheld ofte tema som:

- Foreldre sine psykiske problem
- Foreldre sitt rusmisbruk
- Høg grad av konflikt i heimen
- Barnets sin åtferd



Barneverntenesta mottek få meldingar knytt til dei yngste barna. *Tidleg inn* satsinga til kommunen kan bidra til at vanskar og strev knytt til dei aller minste blir fanga opp tidlegare. I 2024 starta ein opp med *Tidleg inn* satsing i Kvam herad, der barneverntenesta har delteke på alle samlingane.

§ 2-1. Barnevernstjenestens gjennomgang av bekymringsmeldinger

Barnevernstjenesten skal gjennomgå innkomne bekymringsmeldinger snarest, og senest innen en uke etter at de er mottatt. Barnevernstjenesten skal vurdere om en bekymringsmelding skal følges opp med en undersøkelse etter [§ 2-2](#). Barnevernstjenesten skal vurdere om en bekymringsmelding krever umiddelbar oppfølging.

Dersom barnevernstjenesten henlegger en bekymringsmelding uten undersøkelse, skal den begrunne henleggelsen skriftlig. Begrunnelsen skal inneholde faglige vurderinger. Henleggelse av åpenbart grunnløse bekymringsmeldinger trenger ikke å begrunnes.

4.5 Undersøkingar

Barneverntenesta hadde ingen fristbrot på undersøkingar i 2024. Grunna feil i tala frå 2023, vart det følge feil i fyrste halvdel 2024. I andre halvdel 2024 ser ein at det er registrert ingen fristbrot, og ein kan frå no av finne meir pålitelege tal for barneverntenesta.



Henta frå Bufdir sin kommunebarometer





Henta frå Bufdir sin kommunebarometer

Barneverntenesta har ein rett, men og plikt til å gjennomføre undersøkingar. Barneverntenesta skal starte undersøking etter mottak av bekymringsmelding, om det er rimeleg grunn til å anta at det føreligg forhold som kan gje grunnlag for å iverksette tiltak etter lova. Terskelen for å starte undersøking er relativt låg, og foreldre kan og søke om tiltak frå barneverntenesta. Ein slik søknad skal sjåast på som ei bekymringsmelding, og undersøking blir igangsett.

I 2024 avslutta barneverntenesta 54 undersøkingar, og 29 av desse vart konkludert med henlegging og 25 med tiltak. Tenesta rapporterte inn 0 fristbrot på både mottak av melding og undersøkingsfrist. Tenesta har eit stort fokus på å overhalda fristar, og har i løpet av 2024/2025 justert og forbetra internkontroll for å oppretthalde målet om null fristbrot.

§ 2-2. Barnevernstjenestens rett og plikt til å gjennomføre undersøkelser

Dersom det er rimelig grunn til å anta at det foreligger forhold som kan gi grunnlag for å iverksette tiltak etter loven, skal barnevernstjenesten undersøke forholdet.

Undersøkelsen skal gjennomføres snarest, og den skal være avsluttet senest innen tre måneder etter at fristen på en uke i § 2-1 første ledd er utløpt. I særlige tilfeller kan barnevernstjenesten utvide undersøkelsestiden til inntil seks måneder totalt.

Barnevernstjenesten skal undersøke barnets helhetlige omsorgssituasjon og behov. Undersøkelsen skal gjennomføres systematisk og grundig nok til å kunne avgjøre om det er nødvendig å iverksette tiltak etter loven. Undersøkelsen skal gjennomføres så skånsomt som mulig. Barnevernstjenesten skal lage en plan for undersøkelsen.



*Barnevernstjenesten kan engasjere sakkyndige til å bistå i undersøkelsen, jf. [§ 12-7](#).
Barnevernstjenesten kan også benytte tilbud om utredning av omsorgssituasjonen til barn i alderen 0 til 6 år, jf. [§ 16-3](#) fjerde ledd bokstav a.*

Foreldrene eller den barnet bor hos, kan ikke motsette seg at barnevernstjenesten gjennomfører besøk i hjemmet som en del av undersøkelsen. Barnevernstjenesten og sakkyndige som den har engasjert, kan kreve overfor foreldrene å få snakke med barnet i enerom. Dersom det er mistanke om at barnet blir mishandlet eller utsatt for andre alvorlige overgrep i hjemmet, kan barnevernstjenestens leder vedta at barnet skal bringes til sykehus eller annet sted for kortvarig medisinsk undersøkelse.

Bestemmelsene i femte ledd første og annet punktum gjelder også for utredning etter [§ 16-3](#) fjerde ledd bokstav a.

4.6 Hjelpetiltak

Høgkonfliktsaker, valdsaker og barn med store smerteuttrykk er områder der kommunane manglar hjelpetiltak. Kommuneøkonomi, geografi og prioritering kan hindre tilgang og utvikling av hjelpetiltak for desse gruppene. Dette er også gjeldande for Kvam herad, og barneverntenesta ønskjer å retta fokus på tiltaksutvikling. Kommunen har nyleg utdanna fleire til å halda sinnemeistringskurs i kommunal regi. Dette er tiltak som barneverntenesta har nytte av, og kan tilby sine brukarar. Samstundes ser barneverntenesta at behovet er større, og det er i dei mest komplekse barnevernsakene ein treng effektive tiltak, for å hindre plassering av barn.

Barneverntenesta skal i følge lova sette inn tiltak tidleg, for å førebygge alvorleg omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Dette er tydeleggjort under Lov om barnevern § 1-10 som tidleg innsats. Formålet med lova er å sikre barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og at dei blir beskytta til rett tid. Barn sin rett til omsorg og til å bli beskytta skal fortrinnsvis skje i eigen familie. Tiltaka til barneverntenesta skal ikkje vera meir inngripande enn naudsynt. Når barnet på grunn av sin omsorgssituasjon eller åtferd har særleg behov for hjelp, skal barneverntenesta tilby og setje i verke hjelpetiltak. Barn har rett til naudsynte barnevernstiltak når vilkåra er oppfylt.

Barneverntenesta i Kvam har omtrentleg 50-60 barn som mottek hjelpetiltak. Nokon mottek hjelpetiltak over ein kortare periode, og nokre barn får tilbod om tiltak over år. Hjelpetiltaka kan delast inn i kompensierende tiltak, kontrolltiltak, omsorgsendrande tiltak og strukturerande tiltak. Dømer på hjelpetiltak etter Lov om Barnevern er:

- Besøksheim
- Avlastingstiltak
- Ungjobb
- Fritidsaktivitetar
- Barnehageplass/SFO
- Støttekontakt
- Samarbeidsmøter
- Familieråd/ nettverksmøte
- Rustesting
- Meldeplikt
- Foreldrerettleiing
- Ungdomsoppfølging



- Opphald i senter for foreldre og barn
- MST og PMTO
- Frivillig fosterheim/ støttefamilie
- Miljøarbeid i heimen

Hjelpetiltak i barneverntenesta er i hovudsak samtykkebasert, dei blir utarbeida i samarbeid med familien og barnet skal medverke og uttale seg. Stundom lukkast ein ikkje i å skape eit samarbeid kring bekymringa som er for familien. I slike tilfelle blir nokre undersøkingar henlagt utan tiltak, etter familien sitt ønskje. Om barneverntenesta vurderer at bekymringa er av alvorleg art, kan barneverntenesta beslutte å henlegge med bekymring, for såleis starte opp ny undersøking innan 6 månader. Barneverns- og helsenemnda kan pålegge hjelpetiltak om vilkår etter Lov om Barnevern § 3-1 er oppfylt, og det er naudsynt for å sikre barnet tilfredsstillande omsorg eller beskyttelse.

Ved igangsetting av hjelpetiltak skal det føreligge tiltaksplan, og den skal evaluerast systematisk for å sikre effekt av tiltak.

Oppvekstreforma har ein intensjon om at kommunane skal utvikle hjelpetiltak lokalt, slik at det ikkje skal vera behov for meir omfattande tiltak. Som ein del av dette har satsane på hjelpetiltak til det statlege barnevernet auka. For å kunne utvikle og styrka tiltaka lokalt, må kommunen ha ressursar.

Uavhengig av lokale hjelpetiltak, så vil det alltid for nokon vera behov for meir omfattande hjelpetiltaka. Nedanfor følgjer satsar for 2025 henta frå Regjeringen.no.

Tiltak	Sats per måned
Barnevernsinstitusjoner	kr 190 190
Barnevernsinstitusjoner – enslige, mindreårige asylsøkere og flyktninger fra omsorgssentre og asylmottak*	kr 95 095
Senter for foreldre og barn (døgnoophold under utredning /hjelpetiltak med en foregående utredning)	kr 79 335
Senter for foreldre og barn (hjemmebasert/poliklinisk utredning /hjelpetiltak med en foregående utredning)	kr 13 620
Beredskapshjem og spesialiserte fosterhjem**	kr 95 095
MST (Multisystemisk terapi)	kr 16 845
FFT (Funksjonell familieterapi)	kr 16 845
Webster Stratton	kr 0



4.7 Fosterheimar og institusjon


I 2024 budde det 13 barn frå Kvam herad i fosterheim. Kvam herad hadde i 2024 tilsynsansvar for totalt 19 fosterbarn som er plassert i Kvam herad, både av Kvam barnevernteneste og av andre kommunar. Ein kan og ha behov for kortare frivillige plasseringar i fosterheim. Plasseringar i beredskapsheim er og eit tiltak som er meint å vera kortvarig, i påvente av plassering i fosterheim eller tilbakeføring til biologiske foreldre.

Kvam herad har og i løpet av eit år, plasseringar på institusjon. Desse plasseringane er ofte kortvarige, og det er låge tal.

Oppfølging av plasserte barn, uavhengig om kommunen har overteke omsorga eller det er ein frivillig plassering etter samtykke frå foreldra, er tidkrevjande. Fosterheimane skal følgjast opp gjennom tilsynsordning, der tilsynsførar vitjar fosterheimen ordinært minimum 4 gongar i året. I tillegg skal barneverntenesta gjennomføre minimum 4 oppfølging besøk i heimen. Barneverntenesta følger og opp barnet ved samarbeidsmøte, barnesamtalar, oppfølging av biologiske foreldre, nettverksoppfølging og anna kontakt rundt barnet.

Familierettleiarane tilbyr rettleiing til mange av våre fosterheimar. Likevel er det nokon fosterheimar som mottek rettleiing frå innleigde konsulentar, som til dømes psykolog. Dette handlar om til dømes reiseavstand, eller behov for særskilt kompetanse som ein ikkje har lokalt i kommunen.

4.8 Hasteflytting/akuttvedtak



Henta frå Buudir sin kommunebarometer



Som nemnt under 3.3 *Fråvær, kapasitet og bruk av vikar*, opplevde tenesta i 2024 ei markant auke i akutt plasseringar. Tala til kommunen har tidlegare vore prikk, då tala har vore låge. Men i 2024 vart det offentleggjort 6 akuttplasseringar. Om plasseringa er akutt, i beredskapsheim eller på institusjon blir det gjerne dagleg oppfølging den fyrste tida. Akuttplasseringar krev og mange ressursar frå avdelinga for å ivareta alle involverte partar, samarbeidsinstansar, organisering, logistikk og dokumentasjon. Slike saker skaper eit høgt arbeidstempo i avdelinga, og fokuset og innsatsen blir retta mot arbeidsoppgåvene som følg med. I desse situasjonane må leiinga gjere harde prioriteringar på kor ressursane og kapasiteten i tenesta skal rettast.

Barneverntenesta i Kvam har motteke positive tilbakemeldingar frå kontaktpersonar i Bufetat, på korleis kommunen med sine barnevernkonsulentar har handtert og fylgt opp barn under akuttplassering. Dette med tanke på hyppig kontakt med barnet, dialog med omsorgsgiverne og tilgjengelighet. Tenesta kan og oppleve det motsette, der til dømes samarbeidsinstansar lokalt opplever mindre tilgjengelegheit, og manglande oppfølging av dei.

4.9 Ettervern

Ordninga med ettervern kan vare til ungdommen er 25 år etter ny Lov. Ettervern er tilpassa og individuelt etter kva ungdommen er i behov for. Hensikten er å koble på vaksentenester, og sikre at ungdommen får forsvarlege tenester vidare. I kvam herad mottek ungdommar på ettervern blant anna vidareføring av fosterheimplassering etter samtykke frå ungdommen sjølv, fosterheimen går over til å bli ein såkalla støttefamilie, miljøarbeid, hybeltiltak, økonomisk rådgjeving, koordinering av tenester, praktisk bistand i kvardagen og bistand til å koble på andre tenester som NAV og VOP.

4.10 Kvalitet

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Norge	Grafisk visning
Barn med akuttvedtak pr. 1000 i barnebefolkningen (2024)	3,4 pr. 1000	1 pr. 1000	
Barn i hjelpetiltak med tiltaksplan (2024 første halvår)	98,2 %	92,7 %	
Barn i hjelpetiltak med tiltaksplan (2024 andre halvår)	98 %	93,5 %	
Fristbrudd i undersøkelser (2024 første halvår)	12,9 %	18,1 %	
Fristbrudd i undersøkelser (2024 andre halvår)	..	10 %	
Antall årsverk med fagutdanning per 1000 barn i aldersgruppen 0-17 år (2024)	5,5 pr. 1000	5,8 pr. 1000	

Henta frå Bufdir sin kommunebarometer



Det er kommunen som har ansvar for barneverntenesta. Grunna dette vil kvaliteten på tenesta ha direkte samanheng med kommunen sin føresetnad, og kvaliteten vil variere mellom dei ulike tenestane på tvers av kommune Noreg.

Indikatorane viser at i Kvam herad ligg barneverntenesta over snitt i høve barn med akuttvedtak. 2024 var eit år som skilte seg ut frå tidlegare. Tenesta har normalt sett ikkje akuttplasseringar alle år, og talet kan ligge på mellom 0-2. Dette året opplevde tenesta behov for 6 akuttplasseringar, og det vil såleis få store utslag i statistikken.

I høve tiltaksplan er dette eit kontinuerleg fokusområde, og der ligg me så vidt over snitt, men med ønskje om å oppnå 100%.

Fristbrot på undersøkingar fyrste halvår 2024 er omtala i tilstandsrapport frå 2024, og tidlegare nemnt i denne rapporten. Migrering- og bruksutfordringar førte til at mange av tala ikkje stemde, og kommunen fekk fristbrot som ikkje var reelle. I andre halvår 2024 har kommunen fått riktige tal, altså 0 avvik på fristbrot i undersøkingar.

4.11 Bemanning og kompetanse

Barneverntenesta er eit kvinnedominert yrke i følgje KS. [Statistikk om barnevernstjenesten - Hjem](#). I Kvam herad har ein to mannlege barnevernkonsulentar. Dette er positivt for familiane, barna og ungdommane ein arbeider for. Relasjonskompetanse er eit av vore viktigaste verktøy. Alle har ikkje like god relasjon til alle ein møter. Med variasjon i dei tilsette, aukar sjansen for å skape gode brukarmøter. Alderssamansetninga i tenesta er også spredd, og det er variasjonar frå nyutdanna til tilsette som har arbeida eit heilt yrkesliv i barnevernet. Dette skapar ei robust og fleksibel teneste, som har gode vilkår for å skape gode samarbeidsrelasjonar med våre brukera.

Alle tilsette barnevernkuratorar har minimum tre- årig høgskuleutdanning, flesteparten har vidareutdanning og ein har snarleg ferdig master. Det er lite sjukefråvær i tenesta, og fråvær skuldast som oftast permisjonar. Tenesta har lite *turn over*, og tenesta arbeider aktivt med å holde fokus på arbeidsmiljøet og behalde dei tilsette som er i tenesta i dag.

Media sin negative omtale av barnevern er belastande på dei tilsette. Oppleving av trugslar og risikosituasjonar er og faktorar som er krevjande for tilsette å stå i. Samstundes er mange av oppgåvene til barneverntenesta av ein sårbar karakter, og den emosjonelle belastninga på den tilsette er høg. Tenesta er difor oppteken av å skjerme dei tilsette, gi nok råd og støtte, kollegeafellesskap og anerkjenning av det arbeidet som blir gjort. Teieplikta står sterkt i barneverntenesta, og i enkeltsaker er ein svært varsam med å gå ut med opplysningar. Ei oppfordring frå barneverntenesta til samarbeidsinstansane, er å vise forståing over at barneverntenesta er ei teneste som i periodar har behov for å prioritere ivaretaking av eigne tilsette.

4.12 Økonomi

Barneverntenesta i Kvam har eit fokus på å levere gode og forsvarlege tenester, etter behov. Tenesta har ein bevisstheit kring økonomistyring, og korleis ein forvaltar kommunen sine midlar. Ein kan sjå på indikatorane at Kvam barnevernteneste ligger litt under øvrige kommunar i fylket.



Kvam ligg nærme snittet på utgifter som går til saksbehandling. Vår geografiske plassering resulterer i ein del reiser og overnatting i andre kommunar. Her forsøker ein å nytte tenestebilane og rimelege overnattingar.

Kvam ligg over på hjelpetiltak i heimen, men godt under på barn utanfor heimen. Det er ein bevisst strategi å setje inn nok tyngde i heimen, for å potensielt unngå ein plassering ut av heimen. Det at kommunen har mange plasseringar i familie og nære nettverk, får og ein konsekvens i bruk av avlastingstiltak. Fosterheimane bruker i stor grad eget nettverk, som og ofte er i familie eller i relasjon til barnet på ein naturleg måte. Dette gjer at ein ikkje har same behov for kostbare eksterne avlastningstiltak utanfor fosterheimen.

Det blir forventa at kommunane bygger opp eget tiltaksapparat, og eigenandel for å ta i bruk dei statlege tiltaka er som tidlegare nemnt auka. Tenesta har over år ønskja å fokusere på tiltaksutvikling i barnevernet. Med tilførte stillingar frå Familiesenteret er det optimisme knytt til dette arbeidet.

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Fylke	Grafisk visning
<u>Utgifter til barnevern pr. barn i befolkningen 0-17 år (2024)</u>	14 433 kr	15 893 kr	
<u>Utgifter pr. barn i barnevernet (2024)</u>	215 408 kr	268 376 kr	
<u>Utgifter pr. barn som bor utenfor hjemmet (2024)</u>	434 792 kr	701 614 kr	
<u>Utgifter pr. barn som får tiltak i hjemmet (2024)</u>	83 692 kr	82 100 kr	
<u>Andel av barnevernsutgiftene som går til saksbehandling (2024)</u>	36,3 %	34,3 %	
<u>Andel av kommunens totale utgifter som brukes på barnevern (2024)</u>	3 %	3,9 %	

Henta frå Bufdir sin kommunebarometer

4.13 Leiing og styring

Den 01.06.2024 var det leiarskifte i barneverntenesta i Kvam. Tidlegare leiar tilrådte då i tilstandsrapport for 2024 at det vart fokusert meir på leirstøtte og eigna rammer til ny leiar. Dette for at ny leiar kunne stå i rolla over tid.

I fyrste halvår av 2024 har avdelinga arbeida internt med blant anna rutinar, arbeidsmiljø, forventingar og kvalitet. Barnevernleiar opplever at tenesta over år har levert forsvarlege tenester til innbyggjarane, har eit godt arbeidsmiljø og at alle tilsette ønskjer eit høgt fagleg fokus på jobb. Tenesta har ein funksjon som assisterande barnevernleiar. Dette er ein funksjon som er heilt naudsynt for at den daglege drifta skal ivaretakast.



Assisterande barnevernleiar har delegerte oppgåver som stadfortredar for leiar ved fråvær, mottak, superbrukar i fagsystemet og andre administrative oppgåver.

I tillegg arbeider assisterande barnevernleiar i barnevernsaker, om lag 50% stilling. Dette er ei krevjande stilling å inneha, gitt korleis ein skal veksle mellom leiaroppgåver og brukarkontakt. Det at det alltid er til stades ein tilsett på kontoret som kan ta avgjersler, og som dei tilsette kan henvende seg til for støtte og rettleiing er ein stor faktor for tryggleik og trivnad hjå dei tilsette.

Leiaroppgåva til barneverntenesta i kommunen er tung, og kanskje spesielt krevjande i ein liten kommune. Ein skal arbeide på systemnivå, drifte budsjett, ha personalansvar og ein skal ha kontroll og oversikt over alle oppgåver som blir løyst etter Lov om barnevern i kommunen. I tillegg til dette har ein rettleiingsansvar for dei tilsette, og ein skal syte for at dei tilsette er fagleg oppdaterte og mottak støtte og rettleiing for å kunne stå i sin jobb. I Kvam herad med ein relativt liten teneste er det også nausynt å ha ein leiar som kan arbeide i direkte kontakt med barn og familie, og utføre barnevernkonsulent oppgåver ved fråvær og stor belastning på tenesta. Dette står ikkje alltid i samsvar med kommunen sine ønske om deltaking frå leiar i ulike fora.

Barnevern er eit stort område å handtere, ha ansvar for og kunne stå til rette for. Den nye lova har lagt eit større ansvar på kommunedirektøren, for å ivareta dette viktige ansvaret som kommunen har. Barnevernsfeltet har strenge lover og krav å forholde seg til, og det er forventa at tenesta omstiller seg raskt. Å vera barnevernleiar er ei kompleks oppgåve, i eit komplekst fagfelt. Leiarkompetansen i tenesta bør styrkjast gjennom leiarutdanning. Dette har blitt innvilga og forsøkt tidlegare, men grunna kapasitet i tenesta har det vore uråd å forsvare eit slikt fråvær utdanning vil føre til. Tenesta bør likevel forsøke å løyse utfordringa for å sikre tenesta ei kompetent leiing som kan stå i oppgåva over tid.

5. Samarbeid og førebygging med andre tenester

Barneverntenesta samarbeider med mange aktørar i ein barnevernsak. Det kan vera lokale aktørar som helsestasjon, skule, barnehage, rus og psykiatri avdeling, PPT, fastlege, politi, NAV mfl. Barneverntenesta samarbeider også med aktørar frå det statlege barnevernet, Bufetat. Det kan vera konsulentar, beredskapsheimar, behandlarar, psykologar, senter for foreldre og barn, og institusjonar. BUP, familievernkontoret, DPS, sjukehus er ulike spesialisttenester som barneverntenesta samarbeider med.

Mange av dei lokale aktørane har barneverntenesta samarbeidsavtaler med, som ein årleg skal gjennomgå i fellesmøte med alle dei tilsette i avdelingane. Desse møta er på system nivå, og ein diskuterer ikkje enkeltsaker. Barneverntenesta legg også til grunn BTI-modellen og Bufdir sine veileder om samarbeid med skule og barnehage. Når barneverntenesta skal prioritere sine ressursar er det ofte slike samarbeidsmøter som blir nedprioritert, mens samarbeidsmøter direkte knytt til brukar er dei møta som blir prioritert. Dette fører som tidlegare nemnt til at utviklingsarbeid, tverrfaglege prosjekt og liknande kan bli skadelidande.

Barneverntenesta i Kvam koordinerer og leiar Konsultasjonsteamet mot vold og overgrep. Fleire av dei tilsette deltek i ulike samarbeidsforum i kommunen. I dei fleste barnevernsaker blir det gjennomført møter mellom fleire som til dømes *familieråd, nettverksmøte, samarbeidsmøte* og *ansvarsgruppe møter*.



Barneverntenesta i Kvam opplever samarbeidet med dei lokale instansane som godt. Grunna små forhold er det låg terskel for å ta kontakt, og barneverntenesta opplever ofte at andre fagpersonar strekker seg for å imøtekome krav eller forventningar.

Eit av måla til barneverntenesta i åra som kjem er å skape struktur og rutinar kring implementering av Nasjonalt forløp for barnevern. Dette er ei kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus. Målet med nasjonalt forløp er å systematisere korleis barneverntenesta og helsetenestene kan samarbeide for å gje barn og unge eit godt og heilskapleg tenestetilbod.

6. Deltaking i prosjekt og utvikling

Barneverntenesta har tidlegare delteke i tenestetøtteprogram, som er ei samlingsbasert tenesteutviklingsprogram for kommunal barnevernteneste. Tenesta har og delteke i læringsnettverket til Statsforvalter gjennom deltaking i prosjektet *Vestlandsmodellen* og *Fosterheimsarbeid*. Kommunen meldte i 2024 frå til Statsforvalteren om at tenesta ikkje vil vera klar for implementering av nye metodar og verktøy gjennom *gullprosjektet* før i 2026.

Barneverntenesta har delteke i kommunen si *Tidleg inn* satsing, med felles samlingar for kommunalt tilsette. Barneverntenesta er delaktig i kommunen sin *BTI*- satsing. Barneverntenesta er med i NAV si arbeidsgruppe i prosjektet *Digiagent*.

Grunna eigentilsyn gjennom Statsforvalteren 2024/2025, revisjon av tenesta i 2024/2025, kontinuerleg utprøving av nytt fagprogram, oppdatering av gjeldande rutinar og forventning om å implementere *Nasjonalt forløp* og igangsetting av *Nasjonal portal av bekymringsmelding* har barneverntenesta ikkje kapasitet til å inngå i nye prosjekt og utviklingsarbeid pr. no.

7. Utfordringsbilete, innsatsområde og tiltak

7.1 Nytt fagsystem

Barneverntenesta gjekk over til nytt fagsystem frå DIPS barnevern (ACOS) til Modulus-barn (Netcompany) i september 2023. Tenesta opplever framleis å vera i implementering fase då det finnes fleire funksjonalitetar med programmet som ikkje er teken i bruk. Det oppstår også uventa utfordringar undervegs, som må handterast. Det er krevjande for ei lita teneste som ikkje har avsett personar til å handtere dei utfordringane som kjem ved å bytte fagprogram. I avdelinga har nokre få tilsette ein *superbrukar funksjon*, og det er dei som må handtere ting som oppstår i den daglege bruken, saman med leiinga. Fagsystemet er ei skybasert teneste, som oppdaterer seg etter gjeldande lovverk og innehar kvalitetssystem. Rapportering til barnevernregisteret skjer og automatisk til forskjell frå tidlegare, der ein måtte manuelt rapportere inn tal. Tenesta er sikker på at kvalitet og innrapportering er betra etter overgang til nytt fagsystem, men ser at bytte av program har kravd og vil framleis krevje mange ressursar.

7.2 Bistandskrise i Bufetat

Det har vore kjent lenge at Bufetat har brote bistandsplikta si i høve til å yte hjelp til kommunane med tiltak. Dette har resultert i at mange barn har blitt buande lenge i beredskapsheimar på grunn av mangel på fosterheimar og ungdommar har ikkje fått plass på institusjon. Kvam herad har ikkje i utstrekkt grad blitt råka av dette. Tenesta har klart å finne løysningar i familie, nettverk eller saman



med Bufetat. Kvam herad har og over fleire år spelt mykje på lokalsamfunnet, og derav klart å finne lokale plasseringar utan behov for eksterne fosterheimar gjennom Bufetat. Likevel er dette ein situasjon som pregar tenesta, då det i nokre tilfelle vil vera behov for ein slik bistand.

7.3 Auke i 2024 på akuttsaker

I 2024 hadde tenesta som omtalt eit høgare tal på akuttplasseringar enn vanleg. Dette er saker som er svært alvorlege, og komplekse. Dei er økonomisk og fagleg krevjande å arbeide i slike saker, og ofte krev dei mange av ressursane i tenesta. Tenesta er spent på å følgje med på tala frametter, om dette var eit spesielt år, eller ein samfunnsending.

7.4 Landsomfattande tilsyn med undersøkingar

I 2024/2025 gjennomfører Statsforvalter eigentilsyn på barneverntenesta sitt arbeid i undersøkingar. Kvam herad deltek i tilsynet. Etter fyrste rapportering vinter 2024 er det ikkje avdekka svikt i tenesta sitt arbeid med undersøkingar, men tenesta har valt å lage ein forbettringsplan på punkter som ein vil arbeide vidare med. Ny eigenrapportering skal skje hausten 2025.

7.5 Forvaltningsrevisjon

Formannskapet i Kvam herad bestilte revisjon av barneverntenesta hausten 2024. Denne er i slutfasen, og vil bli overlevert kontrollutvalget hausten 2025.

8. Framtidsutsikter

Barneverntenesta i Kvam herad er oppsummert ei stabil teneste som klarar å overhalde lovkrav. Kommunen har gode tal i høve fleire kvalitetsindikatorar. Grunna kapasitetsutfordringar har det over år vore vanskeleg å prioritere og finne ressursar til tiltaksutvikling i tenesta som ein ser pressar seg fram. Barneverntenesta skal følgje samfunnsendingane, og er i behov for å utvikle robuste tiltak for å møte nye utfordringar. Andre oppgåver som blir nedprioritert grunna kapasitet er rutinearbeid og samarbeid på systemnivå. Hovudmålet er like fullt å fokusere på kjerneoppgåvene i barneverntenesta, og levere tenester til dei familiane og barna som trenger det mest.

Framover ønskjer tenesta oppsummert å fokusere på følgjande:

- Utvikle og implementere *Nasjonalt forløp* i kommunen.
- Utvikle lokale, robuste hjelpetiltak som treffer dei hjelpebehova ein ser hos barn og familiar i dag.
- Ta imot og innlemme familierettleiarane i barneverntenesta, og justere rutinar og samarbeid som følgje av omorganisering.
- Implementere nye funksjonar som *Nasjonal portal for bekymringsmelding*, koble barnevernsvakta på kommunen sitt fagprogrammet og vurdere bruk av andre funksjonalitetar som finnes i fagprogrammet.
- Helde fram med fokus på vidareutvikling av internkontroll og rutinar.
- Halde fram fokus på HMT arbeid, og sikre ivaretaking av dei tilsette ein har i avdelinga.
- Fokus på at leiar har kapasitet til å delta på barnevernleiarforum i Vestland, for å sikre rettleiing og støtte til leiarfunksjonen.
- Fokus på at leiar har kapasitet til å delta på Statsforvalter sine leiarsamlingar for å halde seg fagleg oppdatert innan barnevernsfeltet.

